



Eksamensoppgåver og eksamenssvar frå NOR1268, **sidemål**, våren 2024

Døme 2: Kortsvar og langsvar «essay»

Kortsvarsoppgåve

Vedlegg:

— Innleiinga til «Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk» av Helene Uri (2018)

Gjer kort greie for hovudsynet til Helene Uri i tekstvedlegget og forklar korleis ho bruker verkemiddel for å få fram synet sitt. Bruk relevant fagspråk og eksempel frå vedlegget.

Skriv mellom 250 og 300 ord.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgåva
 - viser forståing for den vedlagde teksten
 - har eksempel
 - bruker relevant fagspråk
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1. Les oppgåveinstruksen til kortsvaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.

2. Les elevsvaret.

- a. Marker delar av kortsvaret som gjer greie for hovudsynet til Helene Uri
- b. Marker delar av kortsvaret som forklarar korleis Helene Uri bruker verkemiddel for å få fram synet sitt
- c. Strek under fagomgrep og faglege formuleringar som er bruka
- d. Strek under sitat og andre døme frå tekstvedlegget
- e. Finn døme på presist og nyansert språk og døme på uklart språk
- f. Kommenter om strukturen er formålstenleg i kortsvaret

Kortvarsoppgåve – elevsvar:

Språk og by

I «Hvem sa kva? Kvinner, menn og språk», av Helene Uri (2018), ytrast det eit syn på språkets historiske preg og språkets påverknad på dagens samfunn, ved hjelp av fleire verkemidlar.

Hovudsynet i Helene Uris «Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk», er at det språket vi brukar i dag ber med seg historiske preg – på godt og vondt. I vedlegget blir spesielt språkets maskuline metaforar som er komen som ei konsekvens av: «[...] tidligere tiders maskuline dominans», trekt frem som ei mogleg påverknad av samfunnets innbyggjarar (Uri, 2018). Det ytrast også at ei modernisering av samfunnet ledar til ei modernisering av språket, og at dette i tråd med andre endringar, ledar til protest.

Uri brukar ulike litterære og retoriske verkemiddel for å få fram synet sitt. Innleiingsvis finn ein døme på argumentasjon med logos – altså argumentasjon som tek utgangspunkt i fornuft og logikk. Uri visar til filosofen Ludwig Wittgenstein, og trekkjer fram hans samanlikning av språket med ein gamal by. Ho styrkar vidare sitt etos – si truverd – ved å seie seg einig i denne samanlikninga. Når ho i tillegg viser til eigne erfaringar, styrkar ho sin etos i den logiske appellen, og speler i tillegg på lesarens kjensler – patos. Samanlikninga brukast aktivt som eit litterært grep gjennom resten av teksten, og gjer at den får eit gjennomtenkt og kunstnarisk preg. Ho trekkjer fram dagsaktuelle situasjonar, og fletter dei inn i den estetiske samanlikninga: «Språket vi snakker hver dag, og bygatene vi går gjennom, former oss» (Uri, 2018). Slik fremjar ho sitt hovudsyn på bestemd, men delikat vis.

Helene Uri formidlar at språket ber preg av historia, og at språket pregar dagens samfunn. Dette ytrast på estetisk, men bestemd vis ved hjelp av fleire verkemiddel.

Litteraturliste:

Uri, Helene: Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk, Gyldendal 2018.

Langsvarsoppgåve

Vedlegg:

— Utdrag frå sakprosa boka «Blokka på Bjerke: 13 år i tredje etasje» (2023) av Bjørn Hatterud

— Utdrag frå romanen «Gjestene» (2022) av Agnes Ravatn

Dei vedlagde tekstane viser på ulike måtar korleis menneske samanliknar seg med andre. Skriv eit essay der du utforskar og reflekterer over innhaldet i tekstane. Bruk eksempel frå tekstvedlegga i teksten din.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgaven
 - utforsker innhaldet i vedleggene
 - reflekterer over emnet ved å veksle mellom kunnskap, ideer og erfaring
 - har virkemidler som passer til essaysjangeren
- Struktur og sammenheng
- Språkføring og formelle ferdigheter

1. Les oppgåveinstruksjonen til langsaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.

2. Les elevsvaret.

- a. Marker deler av langsaret som utforskar innhaldet i dei to tekstvedlegga
- b. Marker delar av langsaret som reflekterer over emnet. Korleis er relevant kunnskap, relevante idear og erfaringar bruka i essayet?
- c. Korleis er essayet strukturert? Kommenter om essayet har ein formålstenleg struktur som passar til sjangeren
- d. Diskuter: Er det andre måtar ein kan strukturere svaret på i denne oppgåva?
- e. Kommenter om essayet har nokre verkemiddel som fungerer godt
- f. Kommenter om formverket i sidemålet er godt

Langsvarsoppgåve – elevsvar:

Å leve

Min mamma har aldri meistra å like seg sjølv. Ho har aldri sagt at det er slik, men ein kan lukte det på lang veg. Eg luktar det når ho et dei to, grove knekkebrøda til kvelds, med to skiver kvitost og utan smør. Eg luktar det når ho drar på dei milelange joggeturane sine, kvar einaste dag, uavhengig av sesong og ver. Eg luktar det når ho reiser seg frå kjøkenbordet for tredje gong, for å hente eit eller anna. Eg luktar det når ho brette klede, minst tre rundar kvar dag. Ho greier ikkje å sitje stille. Ho meistrar ikkje å slappe av, å sitje i eigne tankar. Alltid skal ho gjere noko, noko for å fylle timane med meining – med materiell meining. Ho leggjar ned arbeid, og får produkt. Slik vi barna er. Vi er hennar produkt. Vi hevdar oss i samfunnet, vi tre barna, vi meistrar skolen og har mange venar. Vi kjem likevel til kort når utfordringane stoppar, i skiftet mellom kvardag og ferie. Vi har arva hovudet til mamma, alle tre, og er derfor dømd til å aldri verkeleg leve. Vi pustar og blør, vi ler og vi gret, men eit verkeleg liv vil ein aldri sjå oss leve. Til det er konkurranseinstinktet for stort, og svelta etter dei små hormonelle oppturane etter ei løyst utfordring for umetteleg.

I vedlegget «Blokka på Bjerke: 13 år i tredje etasje» av Bjørn Hatterud (2023), er det beskriven korleis dei sosiale skilja kan symboliserast gjennom om ein kan gå i joggebukse i offentlegheita eller ikkje. I vedlegget ytrast det også at dei sosiale skilnadane vil kunne observerast på andre plan i tillegg; ein kan sjå det på arkitekturen, på eit områdes plassering, og om menneska har evne til å bruke kroppen på rett vis. Eg-et i teksten, tek også eit tydeleg standpunkt til kva for type menneske vedkommande føretrekkjer: «[...] av erfaring veit eg at eg ofte slappar betre av saman med folk som går i ei sliten joggebukse, enn med folk som går i nye, dyre treningsklede».

Å ta eit standpunkt til kva for menneske ein liker, er noko vi alle gjer. Basert på alt ein er og alt ein vil vere – basert på personlegdom. Personlegdom pregast av både arv og miljø, og er på lik linje med det meste vi menneska forhold oss til både formbar og skriven i stein på ei og same tid. Sjølv, har eg alltid beundra dei menneska utan eit absolutt og gjennomgåande ynskje om å endre på ting som på nokke som helst vis kan oppfattast som feil. Eg skulle sjølv ynskje at eg kunne gå i joggebukse utandørs og føle meg vel, trass det den skulle kunne symbolisere. Dei sosiale skilnadane som skildrast i vedlegget, kan også trekkjast over til å bli formar for personlegdomsanalyser. Dei som ikkje går i joggebukser utandørs, har nokke dei skal bevise – dei har klare mål og ambisjonar for kvar dag, for kvar einaste hending. Slike menneske har konkurranseinstinkt. Vil ein leve, verkeleg leve, er ein ikkje dum om ein vel dei bort. Ein unngår rett og slett å ende i det same hamsterhjulet. Ein unngår dei mange, lange listene med gjeremål, og tillét heller ljuset i tunnelen. Ein skal sjølv sagt ikkje gløyme at menneska er individ, trass sosial klasse. Faktum er vel at sosial klasse eigentleg ikkje har så mykje å seie for kva for ein personlegdom ein har – heller tvert imot. Å samanlikne seg med menneske frå andre klasser, kan likevel by på utfordringar. Også her spel eigenskapane ein har knytt til samanlikning og konkurranse inn.

I utdraget frå romanen «Gjestene», av Agnes Ravatn (2022), poengterast nett dette med samanlikning imellom klasseskilje. Utdraget følgjer eit par som har fått låne ei luksuriøs hytte av hovudpersonens barndomsvenninne. Paret tilhøyrar sjølv nedre middelklasse. Hovudpersonen heitar Karin, og det beskrivast at ho har eit: «[...] naturleg anlegg for misunning». Dette i motsetjing til mannen sin, som ikkje kjenner på ei form for nederlagskjensle i møte med det han sjølv ikkje eiger.

Karins tilfelle, er eit godt eksempel på at sosial klasse ikkje treng å ha betydning for kva for ei personlegdom ein har. Dei stereotypiske framstillingane av samanheng mellom klassetilhørighet og personlegdom ein kan tolke seg fram til,

vil kunne avkrefast her. Karins samanlikning mellom ho sjølv og barndomsvenninna, gjer at argumentasjonen veg tyngre mot ei meir individuell forklaring. Her kan ein likevel diskutere kva som kom fyrst: Plomma eller egget? Er Karins samanlikning og misunning kanskje eit resultat av at ho ikkje opplever at hennar livsstil strekkjer til, eller er ho slik av natur?

Når ein er ung, samanliknar ein seg med alt og alle. Ein vil så gjerne finne innpass, finne nokke ved ein sjølv som skal gjere opp for dei manglane ein har diagnostisert seg sjølv med som følger av den brutale samanlikninga. Ein kan vere fattig, rik, tjukk eller smal. Uansett korleis ein snur og vender på det; hemningslaus samanlikning vil kunne lede til problem. Hemningslaus samanlikning og ei dose handlekraft, vil kunne lede deg rett inn i hamsterhjulet. Rett inn i den brutale, materielle konkurransen om utsjånad, ressursar og merksemd. Ein risikerer å la det gå til hovudet på ein, og å ta det med seg inn i det vaksne tilværet. Ein skal likevel ikkje kimse av alt det slike menneske kan få til; med stor nok kraft og motivasjon kan dei flytte fjell og stoppe krigar. Ein skal heller ikkje skjære alle over ein kam, for nokre menneska er berre driven av godheit. Vi menneske er ulike, alle som ein.

Min mamma har aldri meistra å like seg sjølv. Mamma har for lengst hamna i hamsterhjulet. Ho er på ei og same tid det mennesket eg elsker mest i heile verda, men også det mennesket eg er reddast for å bli. Eg er redd for å leve resten av livet mitt på autopilot. Redd for å gløyme dei små gledene, og for å aldri føle at eg er bra nok. Redd for at også mine barn skal kjenne stanken av sjølvforakt når eg et knekkebrød til kveldsmat. Eg er redd for å aldri verkeleg leve.

Litteraturliste:

Hatterud, B. (2023). **Blokka på Bjerke: 13 år i tredje etasje**. Utdrag frå sakprosabok. Vedlegg. Ravatn, A. (2022). **Gjestene**. Utdrag frå roman. Vedlegg.

Kommentarar frå sensor:

Svar på kortsvarsoppgåva:

Svaret viser nokså god forståing av tekstutdraget ved å formulere hovudsynet. Eleven bruker stort sett relevant fagspråk og viser til appellformene på ein stort sett klar måte.

Svar på langsvarsoppgåva:

Eleven svarer på oppgåva, ved å utforske innhaldet i vedlegga på ein stort sett relevant måte. Eleven vekslar mellom erfaringar og kunnskapar på ein stort sett sjølvstendig måte, og refleksjonane er gode. Svaret har nokre verkemiddel som fungerer godt i teksten.

Struktur og samanheng:

Både kortsvaret og langsvaret har formålstenleg struktur som passar godt til sjangrane. Essayet har ein sirkelkomposisjon, der innleiinga og avslutninga knyter saman temaet for teksten på ein framifrå måte.

Språkføring og formelle ferdigheiter:

Tekstane har stort sett klare formuleringar med variert ordforråd. Eleven har stort sett korrekt rettskriving og meistrar gjennomgåande formverket, sjølv om svaret har nokre bokmålsord.

Eleven har samla sett vist god kompetanse til skriftleg eksamen i norsk sidemål og svaret er vurdert til karakteren 4.